



Aukra kommune

Aukra – full av energi

Forskrift om standardvedtekter for kommunal skolefritidsordning i Aukra kommune

Gjeldande frå skoleåret 2018-2019

Vedteke i Aukra kommunestyre den 22.05.18, sak 33/18

e-Phorte: 12/67-64

FORSKRIFT OM STANDARDVEDTEKTER FOR KOMMUNAL SKOLEFRITIDSORDNING - AUKRA KOMMUNE

Heimel: Fastsett av Aukra kommunestyre 22. mai 2018.

§ 1 *Virkeområde*

Forskrifta gjeld for kommunale skolefritidsordningar i Aukra kommune (heretter omtalt som SFO)

§ 2 *Føremål*

SFO skal i nært samarbeid med føresette legge til rette for å gje barn som er omfatta av ordninga eit trygt omsorgs- og fritidstilbod før og etter undervisningstid i skolen. Med utgangspunkt i borna sin alder, funksjonsnivå og interesser skal tilboden vere prega av borna sine behov for omsorg, leik, aktivitetar, og sosial læring.

§ 3 *Kven er omfatta av tilboden*

Born på 1.-4. årssteg, og born med særskilte behov på 1.-7. årssteg.

§ 4 *Eigarforhold*

Aukra kommune er eigar av kommunal SFO.

§ 5 *Leiing og bemanning*

Rektor er fagleg og administrativ leiar av SFO. Rektor kan delegera mynde til ein særskilt koordinator for SFO.

Rektor legg til rette for kompetanseutvikling for tilsette i SFO.

Behovet for bemanning vil vere avhengig av kva slags aktivitetar som vert tilbodd, alderssamsetninga, kor mange born som deltek, dagleg opphaldstid og tal på barn med særskilte behov.

Rektor fastsett organisering og bemanning av SFO på eigen skole i tråd med føringane i desse vedtektena. Organiseringa omfattar mellom anna måltid, samarbeid med kulturskolen og frivillige organisasjonar.

SFO bør ha ei grunnbemanning på 1 vaksen per 14 barn.

Alle som vert tilsett i SFO må leggje fram politiattest. Dei tilsette har teieplikt.

Ved tilsettingar er det ønskeleg med barne- og ungdomsarbeidrarar.

§ 6 Leike- og oppholdsareal

SFO skal ha ute- og inneareal som er eigna til føremålet, slik at det gjev høve til utfordringar i barn sin leik.

§ 7 Opningstid

Dagleg opningstid er frå kl. 07.00 og fram til skolestart, og frå skoleslutt til kl. 16.30.

Heil plass er 5 dagar per veke. Deltidsplass er 3 dagar per veke. Det er mogleg å kjøpe inntil 10 enkeltdagar.

Lengste oppholdstid per barn per dag er 8,5 time.

§ 8 Ferietilbod

Det vert tre ferietilbod:

1. Haustferie
2. Vinterferie
3. Sommarferie

SFO er feriestengd 3 veker om sommaren.

For at ferietilbod skal oppretta må minumum 4 born ved skolen ha behov for tilboden.

Det kan søkast om ferietilbod for barn som til vanleg ikkje har SFO.

Søknadsfristar

- Sommarferie: 1. mai
- Haustferie: 1. september
- Vinterferie: 15. januar

§ 9 Opptaksmynnde

Rektor er opptaksmynnde.

Søknader om kommunal plass i SFO vert handsama etter forvaltningsrettslege reglar. *Tildeling av plass, avslag på søknad om plass og oppseiling av plass* er eit einskildvedtak etter forvaltningslova § 2.

§ 10 *Opptak og fristar*

Hovudopptaket til SFO skjer om våren med søknadsfrist 1. april.

Barna får tildelt plass til dei går ut av 4. trinn, eller til oppseiing finn stad.

§ 11 *Varsel om auka opphaldbetaling*

Auke i betaling for SFO vert varsle minimum 1 månad før iverksetting.

§ 12 *Betalingsreglar*

Barn 2 får 25% søskensmoderasjon. Barn 3 får 50% søskensmoderasjon.

Det er fritak for foreldrebetaling for skolefritidsordning innafor ordinær SFO-tid, for barn med spesielle behov i 5. til 7. klasse.

Foreldrebetalinga vert kravd inn kvar månad i 10 månader.

Betaling for ferietilbod kjem i tillegg til ordinær sats. Det vert fakturert etter kvar ferie.

Det vert betalt ut oppseiingstida.

Aukra kommunestyre fastset betalingssatsane.

§ 13 *Flytting*

Ved flytting gjeld normalt dei vanlege reglane for oppseiing.

§ 14 *Forseinka og manglende betaling*

Plass i SFO vert sagt opp med éin månad varsel ved vesentleg misleghald av foreldrebetaling.

Vesentleg misleghald er 3 månader med uteståande betaling.

Om eit barn mistar plassen i SFO som følgje av misleghald med betaling, vil det ikkje bli tildelt ny plass i SFO før gjelda er innfridd, eller det er inngått betalingsavtale for uteståande gjeld knytt til barnet.

(Revidert 19. juni, K-sak 43/18)

§ 15 *Oppseiing av plass*

Barnet sine føresette kan seie opp plassen skriftleg med 2 månaders rekna frå den 1. i komande månaden.

Ved oppseiing etter 1. mars følgjer det betalingsansvar ut skoleåret.

I spesielle høve kan rektor etter skriftleg søknad gjere unnatak frå reglane.

§ 16 *Klage*

Einskildvedtak fatta i medhald til denne forskrifta kan verte påklaga etter reglane i forvaltningslova. Klaga vert satt fram for den instans som har truffe vedtaket. Endeleg klageinstans er kommunal klagenemnd.

§ 17 *Endringar*

Dei rettighetar og pliktar som er fastsett i eller i medhald av denne forskrifta kan på eitkvarstidspunkt verte endra av Aukra kommunestyre, også med verknad for noverande elevar med plass i SFO.

§ 18 *Når forskrifta gjeld*

Forskrifta med justeringar trer i kraft frå skoleåret 2018-2019. Frå same tid vert *Forskrift om standardvedtekter for kommunal skolefritidsordning Aukra kommune oppheva*, K-sak 70/16, oppheva.